# SAKSFRAMLEGG

| | | |
|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Inger Moe | Arkiv: 143 K21 |
| Arkivsaksnr.: | 08/361 | |

**Miljøplan (plan for energi, klima og ureining) for Luster kommune 2010-13**

**Rådmannen si tilråding:**

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Luster kommunestyre vedtek miljøplan (plan for energi, klima og ureining) for Luster kommune for 2010-13 i samsvar med formannskapet sitt planutkast av 17.06.09 med slike endringar:

1. Nytt tiltak under delmål om total energibruk for kommunen: "Kommunen skal vurdera å etablera ei ordning der folk kan søkja om klimalån til gunstige vilkår for klimakonvertering."

2. Endring av tiltak 6 under delmål om samla energibruk for kommunen slik: "Kommunen skal gje innbyggjarane informasjon om alternative energikjelder." Den siste delen av setninga, "…ved ny bustadbygging", vert fjerna.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

## *Saksutgreiing:*

**Prenta vedlegg:** **Formannskapet sitt utkast til miljøplan av 17.06.09.**
**Innkomne merknader.**

### Samandrag:
Formannskapet vedtok i møte 17.06.2009 å sende utkast til miljøplan (energi, klima og ureining) ut på høyring. Ved høyringsfristen 31.08.09 var det kome tre innspel. I høyringsperioden vart det også halde ope møte om planutkastet. På bakgrunn av innspela tilrår rådmannen visse endringar.

### Utval som har vedtaksmynde:
Kommunestyret.

### Fakta/vurderingar:
Planutkastet, som er utarbeida av ei arbeidsgruppe (med konsulenthjelp frå Vestnorsk Enøk) med formannskapet som styringsgruppe, vart ved vedtak i formannskapsmøte 17.06.09 sendt ut på høyring. Høyringsfristen vart sett til 31.08.09.

Ope møte om planen vart halde 20.08.09 på Tørvis Hotell.

<u>Innkomne merknader</u>
Nedanfor fylgjer samandrag av dei tre merknadene med rådmannen sine kommentarar og tilrådingar:

1. Brev av 26.08.2009 frå Bionordic AS.
   Bionordic AS ynskjer at fylgjande fire punkt vert vektlagde:
   - Etablering av ekstra tilskot til kjøp og installering av pelletsbrennar/pelletsomn. Bionordic AS syner til korleis dette er gjort i Ål kommune.
   - Tilskot til etablering av distribusjonssentral for pellets, flis og brikettar, der folk kan henta eller teikna abonnement med levering heim. Dette kan til dømes organiserast av ei arbeidstreningsbedrift.
   - Kommunen etablerer ordning der folk kan søkja om klimalån til gunstige vilkår for klimakonvertering.
   - Informasjon om alternative energikjelder til dømes ved utsending av ein brosjyre eller ein ”grøn energidag” i regi av kommunen.

   Bionordic skriv i uttalen sin at punkta dei listar opp ikkje er nye i diskusjonen kring miljøplan, men at dei ynskjer at dette er moment som vert vektlagde ekstra. Dei peikar også på positive ringverknader for den delen av næringslivet i kommunen som satsar på alternative energiløysingar.

   Kommentar:
   **Det fyrste kulepunktet** i merknaden frå Bionordic er dekka av tiltak 3 under 2. delmål i avsnitt 1.7.2. om energibruk:
   *”Kommunen skal vurdera å oppretta eit fond til investering/tiltak i private bustader. Det kan fastsetjast konkrete tiltak som kvalifiserer til tilskot, slik som bioenergianlegg, td. fliskuttar og –brennar og utskifting av elektriske omnar til vedomnar og pelletsomnar.”*
   Tilskotsordninga er også eit av tiltaka under delmål om ureining til luft og vatn, avsnitt 1.7.4.:
   *”Tilskot til utskifting av gamle vedomnar med meir reintbrennande omnar, ev. pelletsomnar, skal vurderast med føremål å redusera partikkel-utslepp frå vedfyring.”*

**Kulepunkt 2** er eit framlegg til korleis ein konkret kan realisera fylgjande tiltak i avsnitt 1.7.1 om lokal energiproduksjon:
*"Det skal leggjast til rette for auka uttak, produksjon og omsetjing av biobrensel i Luster. Prosjekt som gir lokal verdiskaping skal prioriterast. Aktuelle energikjelder kan vera trevirke som tradisjonell ved eller flis, avfall og husdyrgjødsel for produksjon av biogass, elektrisitet og/eller varme."*

**Kulepunkt 3** om klimalån kan takast inn i planen under avsnitt 1.7.2. om energibruk, som eit tiltak for å nå 2. delmål som omhandlar det totale energiforbruket i kommunen.

**I det siste punktet** i uttalen kjem Bionordic med framlegg til korleis kommunen kan gjennomføra tiltak 6 under 2. delmål i avsnitt 1.7.2. om energibruk.
*"Kommunen skal gje innbyggjarane informasjon om alternative energikjelder ved ny bustadbygging."*
Det bør vurderast om målgruppa for tiltaket skal avgrensast til nybyggjarar, eller om ein ev. skal fjerna siste del av setninga.

**Tilråding:**
**Rådmannen tilrår at planutkastet vert justert på fylgjande punkt:**

- **Nytt tiltak under delmål om total energibruk for kommunen:**
  ***Kommunen skal vurdera å etablera ei ordning der folk kan søkja om klimalån til gunstige vilkår for klimakonventering.***
- **Endring i tiltak 6 under delmål om samla energibruk for kommunen:** ***Kommunen skal gje innbyggjarane informasjon om alternative energikjelder*****. Den siste delen av setninga, "… ved ny bustadbygging", vert fjerna.**

2. Brev av 24.08.2009 frå rådet for funksjonshemma.
   Rådet for funksjonshemma hadde saka føre på møte 20.08.2009, og vedtok å gje innspela oppsummert i det fylgjande:
   - Rådet peikar på at reduksjon i kommunal energibruk vil redusera konsesjonskraftinntektene og såleis gå ut over det kommunale tenestetilbodet.
   - Det bør arbeidast for ein gjennomgang av reglane for konsesjonskraft for å fanga opp inkonsekvens.
   - Rådet ynskjer eit best mogleg kollektivtilbod i kommunen. Rådet ber om at det vert teke ein gjennomgang av kollektivtilbodet, der ein ser på mellom anna rutetilbod og haldeplassar (plassering og utforming).
   - Dersom ein vil betra ordninga med avfallslevering bør opningstidene vurderast. Rådet meiner elles at ordninga fungerer godt.
   - Rådet føresler at ein gjenbruksbutikk kan drivast av ATS.

   Kommentar:
   Den negative effekten med bortfall av retten til konsesjonskraft ved bruk av alternative energikjelder, var eit av emna som kommunestyret hadde føre seg på temadagen i samband med miljøplanen i september 2008. Inntrykket derfrå var at kommunen må satsa på alternative energikjelder sjølv om det går på bekostning av konsesjonskrafta. Dette bør vera kommunen sitt

bidrag til storsamfunnet i klimaspørsmålet. Kommunen har teke opp problemstillinga med NVE og har seinare motteke kopi av eit brev derifrå til Olje- og energidepartementet der ordninga med konsesjonskraft vert drøfta på generelt grunnlag.

Kollektivtilbodet i kommunen har vore drøfta i formannskapet i samband med planprosessen. Det vart konkludert med at det er vanskeleg å finna kundegrunnlag som kan forsvara ei utviding av tilbodet. Ein bør elles merke seg at det er fylkeskommunen som i utgangspunktet har ansvaret for kollektivtilbodet.

Utvida opningstid på miljøstasjonen vil vera naturleg å ta opp til vurdering når ein skal sjå på tiltak for å gjera stasjonen meir tilgjengeleg, jf. tiltak under delmål 2 avsnitt 1.7.4 om ureining.

I avsnitt 1.7.4 om ureining er det eit tiltak som omhandlar gjenbruksbutikk. Rådet for funksjonshemma kjem med konkret forslag til korleis dette kan gjennomførast ved at ATS får oppgåva med å driva ein slik butikk.

**Tilråding: Momenta som vert påpeika av rådet for funskjonshemma er allereide dekka av tiltaka i planutkastet, eller har vore gjennomarbeida i planprosessen.**

3. Brev av 19.08.2009 frå eldrerådet.
   Eldrerådet drøfta saka på møte 17.08.2009 og vedtok då fylgjande uttale:
   Eldrerådet ser det som svært bra at det no vert utarbeidd ein slik plan og ynskjer vidare at det vert lagt vekt på arbeidet med å gjennomføra dei tiltaka som er nemnde i planen.

   **Tilråding:**
   **Styringsgruppa merkar seg innhaldet i brevet frå eldrerådet.**

Etter rådmannen si oppfatning kan føreliggjande planutkast, med ovannemnde vurderingar, no leggjast fram for formannskap og kommunestyre for slutthandsaming.

Dato: 13.oktober 2009

| | |
|---|---|
| Tore Eriksen | Steinulf Skjerdal |
| rådmann | landbrukssjef |

---

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑